



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen 16  
5955 LINDÅS

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/1750 - 21/28859

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
28.04.2021

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 433/15 Hella indre**

Tiltak: Dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 433/15  
Tiltakshavar: Atle Henning Mariussen  
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.03.2021. Det søkjast om søknad i eitt-trinn om legalisering av flytebyggje for 25 båt plassar samt oppføring av nedre parkering knytte anlegget. Tiltaka krev fleire dispensasjonar og søknad om dispensasjonar skal sendast på høyring til offentlege instansar.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad er sendt inn som eitt-trinn søknad, men vi kan ikkje handsama saka i eitt-trinn, då vi manglar løyve frå Bergen hamn og løyve frå vegmynde for utvida bruk av avkøyrsløse frå offentleg veg FV5484. Det ligg føre uttale frå statens vegvesen, datert 19.12.19, kor de stillar krav om utbetring av vegkryss, men det ligg føre ingen løyve. Bergen hamn har gitt førehandsuttale den 06.11.19, men dette er nok for handsaming av dispensasjon og rammesøknad, ikkje for å gi løyve i eitt-trinn diverre. Dette var presisert i referatet til førehandskonferanse i sak 20/1255 av 07.08.20.
2. Vi rår til at søknadstype vert endra frå eitt-trinns til rammesøknad, då kan vi handsama både dispensasjonar og rammesøknad samla. Alternativt kan vi ta stode berre til dispensasjonar foreløpig.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.05.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

